



Arbeids- og Sosialdepartementet Att. Avdelingsdirektør Odd Wålengen Postboks
8010 Dep.0001 OSLO Arbeids- og Sosialdepartementet
Att. Avdelingsdirektør Odd Wålengen
0001 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2232 - 14/8234

Saksbehandlar:
Jon Askeland
jon.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
30.07.2014

Alminnelig høring – Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov

1. Radøy kommune rår til at Regjeringa utset endringar i tiltakssystemet til etter den varsla Stortingsmeldinga er handsama i Stortinget. Då får Norge ei brei og heilskapleg drøfting av funksjonaliteten i det samla tiltaksapparatet, og me kjenner Stortinget sin vilje i saka. Me merkar oss at både NHO og LO også peikar på ein heilskapleg debatt i saka først.
2. Radøy kommune er skeptisk til om anbodssystem er eigna til denne typen tenester, og me meiner det er for lite utgreidd og uavklart kva konsekvensar endringane i høyringsnotatet legg opp til både for brukarar, attføringstilbydarar og også for kommunane sine tenestetilbod og økonomisk verknad for kommunane i høve dei som står lengst unna arbeidsmarknaden.
3. Andre land sine røynsler med anbudsutsetjing av slike tenester må også vurderast før Norge gjer det same. Konkurransutsetjing av desse tenestene er i seg sjølv risikabelt, då tapande bedrifter kan forsvinna, noko som er særleg ulempe for distrikta og for dei arbeidstakarane det er vanskelegast å formidla.
4. Radøy kommune meiner ein også må vurderer NAV si rolle i formidlinga. Truleg har NAV best føresetnader overfor dei som er lettast å formidla, medan kommunane bør ha større medverknad i formidlingstenestene til dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette fordi tilbodet til desse brukarane krev stor grad av lokal kunnskap og lokale løysingar, då dei er tunge å jobbformidla. Dette understrekar spesielt sidan Norge er i ein situasjon med ca 3% arbeidsløyse, då er det ganske få som er raske/enkle å formidla tilbake til arbeidslivet. Me er særleg uroa for at anbudsutsetjing kan gje mindre valfridom, dårlegare tilbod og svekka sjølvtrillit for dei svakaste, og såleis bli dyrare for samfunnet enn i dag, fordi deira arbeidsevne kan vera til hinder for kommersielle verksemdar.

5. Radøy kommune meiner anbodsutsetjinga kan undergrava det arbeidet kommunane har tatt på seg med å byggja opp eit sterkt og godt nettverk med tiltaksapparat. Endringar må skje i nært samarbeid med kommunane, og det er naturleg at KS vert part i evt endringar.
6. Radøy kommune er på generelt grunnlag kritiske til at Regjeringa sender ut høyringsbrev med kort høyringsperiode tett inntil ferietida.
7. Radøy kommune viser elles til høyringsuttalane frå Oslo og Bergen kommunar, og støttar desse.

Med helsing

Jon Askeland
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arthur Kleiveland

Mottakere:

Arbeids- og
SosialdepartementetAtt.
Avdelingsdirektør Odd
WålengenPostboks 8010 Dep.0001
OSLOArbeids- og
Sosialdepartementet

Att. 0001
Avdelingsdirektør
Odd Wålengen

OSLO